

## Rydding på Informasjonstavla i sentrum

19.03.2016



Uskedal Utvikling og leiar Kristian Bringedal bed om at det vert rydda opp på infotavla i sentrum.

**Den store informasjonstavla i sentrum treng ei oppryding. Det er mykje gammal informasjon, mykje er lite aktuelt og noko er falma og lite tiltalande. Dette gjeld særleg i alle monter på midtdelen av skuret. Her har lag, organisasjonar og nokre verksemder sin betalte plass med låsbare monter.**

Uskedal utvikling, som er ansvarleg for tiltaket, bed alle rydda og få på plass ny og aktuell informasjon. Dei som ikkje har nøkkel, kan venda seg til Jan Erik Olsson i Uskedal utvikling.

Sidefeltet på høgre sida skal nyttast til plakatar og kunngjeringar. Den venstre sida er tenkt for turisme, kart og friluftsliv.

Dersom nokon treng hjelp til kopiering og laminering, ta kontakt med Kristian Bringedal.  
Uskedal utvikling ser fram til at alt er rydda og på plass før 1. mai

Tekst: Kristian Bringedal

Foto/nett: Thor Inge Døssland